



## Kjærleik til norsk mat

Mat er så mykje; det daglege brød, matpakka på skulen, middagar i familien, festmåltid for vener og kjende, lunsj på jobben, gamle tradisjonar og ny inspirasjon. Mat, matproduksjon og matlaging er sivilisasjonsberarar i alle land og i alle kulturar. Du er det du et.

I Noreg har vi laga mat og matråvarer mot alle odds i uminnelige tider. Korte somrar, lange vintrar, avgrensa matjord og lange avstandar har prega kosthald, matkultur og matproduksjon i Noreg. No er Noreg eit moderne og høgteknologisk samfunn, ope for nye impulsar, kulturar og metodar. Men framleis er fundamentet for mat og matkultur vår eigen produksjon av korn, kjøt, meierivarer, potetar, frukt og grønt.

Over halvparten av maten vi et er basert på norske råvarer, som kjem frå gardar over heile landet. Folk flest er trygge på dei norske matråvarene, og brukar dei både i tradisjonelt kosthald og i kjøkken prega av grenselaus inspirasjon. Nordmenn brukar mindre av inntekta si til mat enn dei fleste andre i Europa. I dag brukar vi knapt 11 prosent av inntekta på mat, mot ca 40 prosent i 1960.

Utviklinga i verda viser kor viktig det er å bevare og styrkje matproduksjonen i Noreg og i andre land. Det er aukande konkurranse om den maten som er tilgjengelig, det er for lite mat i verda, og sjølv i Noreg er det underdekning på viktige matvarer. Av mange orsaker er kostnadane ved matproduksjon auka kraftig dei siste åra.

Mattradisjonane blir rikare av inspirasjon frå andre kulturar og tradisjonar, men utfordrast samstundes av standardisert fastfood som overkøyrer både kvalitet og kultur. Mat, matkultur og matkvalitet er ikkje lenger sjølvsgt.

Matproduksjon i Noreg er berekraftig. Berre tre prosent av Noreg er brukande til matjord. Difor lyt vi produsere på den matjorda vi har, i nord, i syd, i aust og i vest. Matproduksjon i innmark og utmark er å sette naturen i arbeid, å produsere og levere fornybare ressursar. Denne forma for berekraftig produksjon er spesielt viktig i ei tid prega av klimaproblematikk og finansiell uro, der mange andre verdier verker å vere kortsiktige og forgjengelege.

### **Vårt budskap, uavhengig av politisk oppfatning og ståstad i samfunnet, er:**

- Vi lyt styrkje matproduksjonen og matkulturen i Noreg, og bidra til auka matproduksjon i andre land.
- Vi lyt ha bønder og gardar over heile landet, verne matjorda mot nedbygging og bruke utmarka enda betre.
- Vi lyt satse på den norske matforedlingsindustrien over heile landet, fremje kokkekulturen og kosthaldskunnskapane i allmennutdanninga.
- Vi lyt dyrke norsk matkultur og gjera den rikare med verdifulle inspirasjonar frå eit fleirkulturelt samfunn og ei grenselaus verd.
- Vi lyt lage maten vår sjølve!